

HAVDUR

Pensjonistlag

TIL KOMMUNAL-OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
POSTBOKS 8112

Dep.
0032 OSLO

Forskrift til ny lov om Råd for eldre og Råd for personar med nedsett funksjonsevne i kommunar og fylkeskommunar.

HØYRING.

Ny lov om Eldreråd i kommunar og fylkeskommunar blir gjeldande frå 01.01.2020. Den største endringa ligg i at den tidlegare lova, som var ei særlov, no skal bli eit eige kapitel i Kommunelova. I tillegg til sjølve lova er det forslag om å opprette ei eiga retningslinje som vil ha som formål å konkretisere viktige delar av lovverket sine føremål.

Forslag til forskrift er no ute til høyring, og HAVDUR Pensjonistlag i SANDØY kommune i Møre og Romsdal vil gje følgjande høyringsuttale:

1. I det forslaget til retningslinjer som ligg føre, er det føreslått at råda sine arbeidsoppgåver skal vedtakast på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
HAVDUR Pensjonistlag vil understreke kor viktig det er at lova er lik for alle, og at den beste måten å få til det på, er at råda sine arbeidsoppgåver blir fastlagt nasjonalt.
2. Eldrerådet skal vere samansett av minst 5 medlemar med 5 personlege varamedlemar, og fleirtalet skal vere over 65 år.
3. Forskrifta må understreke at Eldrerådet sine medlemar har rett til opplæring på lik linje med andre folkevalte i kommunen.
4. Forskrifta må fastsetje Eldrerådet sin rett til å uttale seg i alle saker som vedkjem dei eldre sine levekår og livsstandard, og ikkje berre med omsyn til omsorg, og også rett til tidlegast muleg å få innsyn i kommunen sitt planarbeid før sakene blir lagt fram for dei politiske utvala.
5. Det må opprettast ordning med tilstrekkeleg sekretærhjelp for Eldrerådet.
6. Samanslåing av fleire råd må så langt råd ikkje gjerast.
7. Rett til å føreslå kandidatar til Eldrerådet bør berre gjelde for reine pensjonistorganisasjonar.
8. Kommunestyret bør gje Eldrerådet møte- og talerett.
9. Kommunestyret si plikt til å handsame forslag som er lagt fram av Eldrerådet, må takast inn i forskrifta for den nye lova.
10. Råda skal ha eigne budsjett for drifta si.

SANDØY, den 24.03.2019.
for HAVDUR Pensjonistlag


Ingrid Sandøy, leiar.

